



Hol



Ål



Gol



Hemsedal



Nesbyen



Flå

# Tiltaksstrategi for tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Hallingdal 2020-2023



Vedtatt:

Flå: kommunestyre, sak 17/20

Gol: utval for natur og næring, sak 35/20

Hol: kommunestyre, sak 27/20

Nesbyen: tekn. utval sak 35/20

Hemsedal: hovudutval for plan og ressurs, sak 12/20

Ål: sektorutval for tekn. næring og ressurs, sak 102/20

## Innhold

1. Innleiing .....	3
2. Hovudtrekk for jordbruket .....	3
2.1 I Hallingdal.....	3
3. Historikk - utbetalingar av tilskot til miljøtiltak i landbruket.....	4
3.1. SMIL i Hallingdal.....	4
4. Utfordringar i jordbruket - satsingsområde .....	5
4.1. Generelt .....	5
4.2. Flå.....	6
4.3. Nesbyen .....	6
4.4. Gol.....	7
4.5. Hemsedal .....	7
4.6. Ål .....	8
4.7. Hol.....	8
5. Mål og prioriteringar - tiltak.....	9
5.1. Generelt .....	9
5.2. Tiltak som kan støttast.....	9
5.2.1. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.....	9
5.2.2. Kulturlandskapstiltak (§ 5):.....	9
5.2.3. Tiltak mot forureining:.....	10
5.2.4. Informasjonsmidlar.....	10
5.2.5. Lokale retningslinjer for SMIL tiltak.....	10
6. Innvilging av tilskot.....	11
7. Tilskotsbehov – aktivitetsbudsjett.....	11
8. Vedlegg – statistikk.....	12

*Fremside bilde: Restaurering av verneverdige bygningar på Veslegard i Leveld. Første og siste bilde: Jørn E. Jensen. Andre bildet: Bjørg Torsteinsrud*

## 1. Innleiing

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er heimla i forskrift fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004. Forskrifta vart sist endra ved forskrift 20. desember 2019 nr. 2139. SMIL gjeld planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, kulturlandskapstiltak, forureiningstiltak og informasjonsmidlar i jordbruket. Kommunane i Hallingdal har valt å ha ein felles strategiplan. Etter § 8 i forskrifta har kommunane i samråd med fylkesmannen og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt, fastsett overordna retningslinjer, kalla tiltaksstrategi, for prioritering av søknader.

2003: Arbeidsgruppe med representantar frå fagлага og kommunane sette opp framlegg til strategiplan

2004: Kommunane vedtok den første tiltaksstrategien for SMIL-midlar, 2004 – 2007

2008: Kommunane reviderte tiltaksstrategien for SMIL-midlar, 2008 – 2011

2011: Kommunane reviderte tiltaksstrategien for SMIL-midlar, 2012 – 2015

2015: Kommunane reviderte tiltaksstrategien for SMIL-midlar, 2016 – 2019

2019: Kommunane reviderte tiltaksstrategien for SMIL-midlar, 2020 – 2023

I 2008 kom vassforskrifta med føringar for tiltak mot vatn og vassdrag. Året etter kom naturmangfaldlova, sist endra i 2019. Bestemmelsar i den lova skal vera ein integrert del i skjønnsutøvinga ved sakshandsaminga av SMIL-saker.

## 2. Hovudtrekk for jordbruket

### 2.1 I Hallingdal

Hallingdal med kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol har eit variert jordbrukslandskap som spenner frå tilnærma "flatbygdområde" i nedre del av dalen til høg fjellsbeite i Nordfjella og Hardangervidda. I Flå og til dels Nesbyen er det ein god del ein-sidig planteproduksjon, medan det elles er husdyr med tilhøyrande grovfôrproduksjon som dominerer. Det har vorte bygd ein del større fjøs. Slik drift kan føre til at mjølkekyrne får kortare tid ute og mindre utmarksbeite vert nytta. Det er storfe og sau som er dei viktigaste dyreslaga, men i øvre Hallingdal er det også eit aktivt geitemiljø. Andre dyreslag som gris, fjørfe, alpakka, hest og oppdrettshjort finst også i dalen.

Regionen er det største reiselivsområdet i landet, og landbruket er i den samanhengen svært viktig for å halde oppe eit levande bygdesamfunn og kulturlandskap, samt for å kunne tilby gode natur- og kulturopplevingar.

Det er opp gjennom åra gjort mange registreringar og prosjekt om miljø og kulturlandskap i Hallingdal. Av dei viktigaste som femner heile dalen kan nemnast:

- Verdifulle jordbrukslandskap i Buskerud. Rapport nr. 2 – 1994, Fylkesmannen
- Sluttrapport - landbrukets kulturlandskap i Hallingdal – samarbeid og delfinansiering, 1997. Prosjektleder Olav Trageton, Fylkesmannen
- Forurensingsregnskap for Buskerud. Rapport nr. 2 – 1998, Fylkesmannen
- SEFRAK-registreringar i kvar kommune
- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Buskerud. Rapport nr. 5 – 1999, Fylkesmannen i Buskerud og Buskerud fylkeskommune
- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Buskerud. Hva har skjedd på 10 år? Områder med "regional verdi". Prosjektrapport frå Fylkesmannen, desember 2005
- Strategi for kulturlandskapet i Buskerud 2002 – 2006. Fylkesmannen i Buskerud, Kulturlandskapsgruppa

- Kartlegging av naturtypar, biologisk mangfald i Hallingdal - 2003, Hans I. Nesse
- Kartlegging av naturtypar, biologisk mangfald, i Hallingdal – 2012, v/ prosjektleiar Rune Solvang, Asplan Viak AS
- Forurensningsregnskap for Buskerud 2013. Rapport - 17. november 2013, Fylkesmannen i Buskerud

Døme på rapportar som er utarbeidde for enkeltkommunar:

- Hemsedal: Et landskaps kulturkvaliteter, av O. Puschmann, rap.nr 12/96, NIJOS
- Flå kommune: Kulturlandskapskart for Flå, av Jan R. Sørum, 1996
- Flå kommune: Gamle hus og tun i Flå, av Jørn Jensen, 2001

I tillegg kjem lokale planar på kommunenivå som handlingsplan for landbruket og kommuneplanar. I alle hallingdalskommunane er det laga beitebruksplanar, eller det blir arbeidd med slike.

Riksantikvaren har gjennom prosjektet Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, KULA, i 2019 valt ut desse områda i Hallingdal:

- |                             |                                    |
|-----------------------------|------------------------------------|
| - Jolheim - Grøte, Hemsedal | - Vassfaret, Flå og Nesbyen        |
| - Stølar i Ål, Ål           | - Bergensbanen og Rallarvegen, Hol |
| - Leveld, Ål                | - Dagali – Seterdalen, Hol         |

Eit hovudtiltak med dette er at landskapa blir følgd opp i kommuneplan sin arealdel som hensynssone c med særleg omsyn til landskap med retningslinjer. Det er eit mål at kommunane skal forvalte KULA – områda med eigne verkemidlar der plan- og bygningslova er viktigast.

### **3. Historikk - utbetalingar av tilskot til miljøtiltak i landbruket**

#### **3.1. SMIL i Hallingdal**

Hallingdal har gjennom mange år hatt eit høgt aktivitetsnivå på SMIL-tiltak. Følgjande tabell syner omfanget dei siste åtte åra fordelt på dei ulike tema innanfor ordninga:

Tabell 1. Innvilga tilskot til SMIL i Hallingdal 2004-2019

År	Tiltak 1. Planlegging av fellestiltak	Tiltak 2. Biologisk mangfald	Tiltak 3. Gamal kulturmark	Tiltak 4. Tilgjenge/ opplevings kvalitet	Tiltak 5. Kulturminne/ -miljø	Tiltak 6. Freda og verneverdige bygningar	Tiltak 7. Anna	Tiltak 8. Informasjonsmidlar	sum
2004	2 000	12 735	765 075	132 732	227 507	821 084	13 850	2 000	1 976 983
2005	7 700	7 110	862 657	97 950	53 364	1 034 573	0	0	2 063 354
2006	1 600	14 700	1 028 562	1 800	77 610	1 270 959	91 200	1 600	2 488 031
2007	0	0	1 174 852	83 860	124 020	1 479 558	0	0	2 862 290
2008	37 500	0	985 637	108 465	0	1 092 969	20 000	0	1 151 602
2009	67 200	38 500	1 314 245	179 005	0	1 383 070	0	2 000	286 705
2010	0	104 500	1 019 490	81 900	20 000	1 994 978	68 732	0	275 132
2011	0	148 250	976 998	59 145	25 000	1 682 183	-	0	1 209 393
2012	33 000	0	1 076 604	251 745	0	1 544 313	45 600	0	330 345
2013	111 500	26 250	1 355 961	131 000	68 000	1 125 511	-	0	336 750
2014	179 200	17 640	1 201 087	25 106	0	1 568 137	266 400	0	488 346
2015	115 300	0	889 870	18 700	0	1 213 470	104 369	0	1 128 239
2016	0	32900	702 439	19 578	0	456766	64 350	0	2 059 924
2017	0	33250	784 605	0	0	792952	0	0	2 183 115
2018	0	26250	736 150	7 600	0	530719	0	0	2 094 864
2019	87 022	21980	998 160	54 000	0	1206484	59 790	0	4 020 427
sum	642 022	639 662	12 439 366	1 252 586	612 376	8 615 897	747 991	5 600	24 955 500

\*Freda vart teke ut av forskrifta i 2016.

## 4. utfordringar i jordbruket - satsingsområde

### 4.1. Generelt

I Hallingdal har ein, som i resten av landet, hatt ein nedgang i talet på driftseiningar og aktive gardsbruk i landbruket. Talet på dyr og total mjølkekvote har ikkje hatt like stor nedgang fordi brukseiningane har vorte større. Ein del store fjøs har vorte bygd. Talet på sauer ser ut til å vera stabilt. Det har vore ein auke i talet på store sauebuskarar. I beite- og utmarksområda ser ein auka attgroing som eit resultat av endringa i bruken av utmarka. I tillegg til dei negative sidene dette har i høve til landskapet, er det også negativt i høve til biologisk mangfald. Hovudutfordringa med ei slik utvikling er å halde oppe eit levande natur- og kulturlandskap som er attraktivt for lokalbefolkninga og turistar. Utan beitedyr kan ein ikkje greie å ta vare på kulturlandskapet slik ein ser det i dag.

I Hallingdal er det framleis mange eldre bygningar, både heile bygningsmiljø og enkelthus. Det er gjort ein stor innsats over mange år for å ta vare på dei gamle bygningane, men mykje restaurering står framleis att. Då dette ofte er arbeid som ikkje kan utsetjast i lang tid, er det viktig med høg aktivitet her. Slike tiltak vil ofte ha stor innverknad på korleis jordbrukslandskapet tek seg ut for omverda.

Hallingdal har lite erosjonsutsett jord. Enkelte lågtliggjande område kan vera utsette for flaum og vasserosjon. Forureining elles er for det meste knytt til punktutslipp og bruk av husdyrgjødsel. Innføring av obligatorisk gjødslingsplan har gjort folk merksame på verdien av husdyrgjødsel, og har hatt stor innverknad på bruk og utnytting. Regionalt miljøprogram har ordningar som premierer miljømessig god bruk av husdyrgjødsel.

Det er i landbruket og elles i samfunnet utfordringar med søppel. Den største utfordringa for landbruket er kanskje landbruksplasten. Vidare er det eit problem for landbruket at folk kastar søppel som endar i graset og til slutt på fôrbrettet.

Landbruket har også utfordringar med gjerdehald i hyttefelt, t.d. ueigna og dårleg oppsette gjerde. Det er òg ei utfordring med gamle gjerde som forsøplar, og som er farlege for dyr.

Viktige generelle satsingsområde for jordbruket i Hallingdal kan samanfattast slik:

- stimulere husdyrhaldet i Hallingdal
- tiltak som fremjar beiting og dermed held kulturlandskapet ved like
- auke matproduksjonen
- ta vare på dyrka mark
- halde oppe stølinga
- halde oppe biologisk mangfald og leggje til rette for pollinerande insekt
- restaurere verneverdige bygningar
- tiltak for å auke opplevingskvaliteten og rekreasjonsverdien i kulturlandskapet
- med bakgrunn i vassforskrifta og Vassområde Hallingdal ta vare på, og etablere, naudsynte kantsoner langs vatn og vassdrag
- gjera folk medvitne på utfordringa med landbruksplast

Alle kommunane har vedteke strategiar for landbruket i planane sine. Her er det teke med viktige stikkord frå kommunane sin handlingsplanar, supplert med nye presiseringar med relevans for tiltaksarbeidet for å fremje miljø og kulturlandskap.

#### **4.2. Flå**

##### ***Hovudmål for landbruket i Flå:***

- ✓ Oppretthalde flest mogleg av dei bruka som eksisterer i dag, styrke næringsgrunnlaget og busetjinga på desse og dermed også miljøet i bygda.

##### ***Hovudmål for jordbruket i Flå:***

- ✓ Kommunen må leggje til rette for eit aktivt produsentmiljø som kan danne grunnlaget for stabil busetjing og auka sysselsetting innan eit miljøorientert jordbruk.

##### ***Delmål:***

- ✓ Holde dyrka mark i hevd og hindre nedbygging av de beste areala
- ✓ Utnytte og auke jorda sin produksjonsevne
- ✓ Gardsbruka skal ha aktive eigarar
- ✓ Auke dyretalet
- ✓ Oppretthalde tal driftseiningar med husdyrproduksjon
- ✓ Oppretthalde tal driftseiningar av ein viss storleik
- ✓ Sikre nåverande sysselsetting innan tradisjonelt landbruk og auke sysselsettinga innanfor tilleggsnæringane knytt til landbruk
- ✓ Auka sysselsetting innan tilleggsnæringar i tilknytning til og utanom tradisjonelt landbruk
- ✓ Auke det samla inntektsgrunnlaget for gardbrukaren med familie
- ✓ Å oppretthalde et miljøvennleg og levande jordbruk
- ✓ Bevare og bruke kulturlandskapet på ein forsvarleg måte

#### **4.3. Nesbyen**

##### ***Hovudmålsetting for landbruket i Nesbyen:***

- ✓ Det skal leggst til rette for ein bærekraftig landbruksproduksjon som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i primærproduksjon og foredlingsindustri.

##### ***Delmål:***

- ✓ Oppretthalde/ auke verdiskapinga innan jordbruket

- ✓ Sikre lønnsame og rasjonelle bruk
- ✓ Bevaring av produksjonsgrunnlaget i et langsiktig perspektiv
- ✓ Oppretthalde busetnad og sysselsetting i kommunen
- ✓ Oppretthalde beitebruken i utmarka og auke satsing på rydding av beiteområder og stiar for å hindre fortsatt gjengroing
- ✓ Produsere varer og tenester av høg kvalitet
- ✓ Sikre miljøkvalitetar, naturressursar og kulturverdiar
- ✓ Stimulere til lokal foredling av råvarer og utvikling av gardsturisme som næring på garden

#### **4.4. Gol**

##### ***Hovudmålsetjingar for landbruket i Gol:***

Gol kommune skal m.a. arbeide aktivt for eit landbruk som:

- ✓ gjev god inntektsutvikling og synleggjer landbruket sin samfunnsmessige verdi og lokale og regionale ringverknader
- ✓ stimulerer næringa til nyskaping og vidareutvikling av alle tilgjengelege ressursar på landbrukseigedomane
- ✓ brukar og ivaretek jord-, skog- og beiteressursane i den daglege landbruksdrifta for å oppretthalde eit variert miljø- og kulturlandskap

##### ***Tiltak, kulturlandskap, biologisk mangfald og stølsdrift:***

- ✓ Informere om tilskotsordningar til spesielle miljøtiltak i landbruket
- ✓ Utføre tilretteleggingsarbeid som stirydding, skilting m.m. retta mot auka rekreasjonsopplevingar i naturen,
- ✓ Informere om verdifulle og særeigne naturtypar
- ✓ Unngå inngrep i kantsoner og andre sårbare områder
- ✓ Stimulere til tradisjonell stølsdrift
- ✓ Stimulere til beiting av stølsvollar og bruk av stølsbygningar
- ✓ Samarbeide om turistretta produktutvikling for å markedsføre landbruket
- ✓ Stimulere til klimatiltak

##### ***Tiltak, økologisk landbruk, jordvern og forureining:***

- ✓ Stimulere til økologisk drift ut frå miljø- og ressursomsyn
- ✓ Stimulere til nisjeproduksjon av økologiske matvarer
- ✓ Dyrka mark og beite må haldast i hevd som framtidig nyttbar ressurs for næringa
- ✓ Dyrkbar mark må i størst mogleg grad takast vare på
- ✓ Informere og veilede om miljøplanar
- ✓ Kontroll av gjødsel- og silosaftlager
- ✓ Kartleggje miljøtilstanden i vassdrag gjennom prøvetaking
- ✓ Stimulere til tiltak som betrar vasskvaliteten og tek vare på og etablerer nødvendige kantsoner langs vatn og vassdrag

#### **4.5. Hemsedal**

##### ***Hovudmål:***

Støtte opp om landbruket i Hemsedal som ein viktig ressurs, matprodusent og kulturland-skapspleiar. Aktivt landbruk er ein føresetnad for bevaring av kulturlandskapet.

##### ***Hemsedal kommune skal:***

- ✓ Stimulere til nytting av alle ressursane på garden og tilknytta næringar,
- ✓ Legge til rette for å sikre landbruket sin bruk av innmark og utmark,
- ✓ Arbeide for at kulturlandskapet og elementa i det vert tekne vare på,
- ✓ Arbeide for at landbrukstradisjonar og det aktive stølsmiljøet blir halde i hevd,



- ✓ Arbeide for at det biologiske mangfaldet og jordas produksjonsevne blir halde i hevd,
- ✓ Fokuserer kulturlandskapstiltaka mot områder med tydeleg beitepreg.

#### **Tiltak til fremje for kulturlandskap**

- ✓ Revidere beitebruksplan og ruller den kvart 4. år.
- ✓ Informere om aktuelle tilskotsordningar, SMIL og RMP, som fremmar tiltak i landbrukets kulturlandskap, verneverdige bygg i landbruket, beiting og stølsdrift.
- ✓ Informere om tilskotsordningar til særskilte tiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet.
- ✓ Opprette kontaktutval for landbruket i Hemsedal

#### **4.6. Ål**

##### **Hovudmål:**

Ål kommune vil forvalte naturressursane slik at me tek vare på jordbruksareal, dyrkbar jord, biologisk mangfald, kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen 2015-2027 pkt. 4.8.

Ål har natur og landskap som gjev oss store mogelegheiter, men òg ansvar. Ål vil nytte naturressursar og kulturlandskap på ein framtidsretta, utviklingsorientert og berekraftig måte.

Mål frå næringsutvikling innan landbruk, Landbruk i Strategisk næringsplan 2017-2020:

- ✓ Utnytte beita i kommunen mest mogleg som ein ressurs for matproduksjon og for å fremje eit velhalde kulturlandskap både i grendene og i fjellet.
- ✓ Halde oppe, og helst auke produksjon på flest mogleg bruk, med særskild vekt på mjølk- og beitedyr.
- ✓ Fremje eit godt landbruksmiljø
- ✓ Auke lokal foredling, sal, vidareutvikling av produkt og tenester frå landbruket
- ✓ Støtte satsing på alternative produksjonar

Ål kommune ynskjer gjennom SMIL-arbeidet å:

- ✓ stimulere til satsing på mjølkeproduksjon og aktiv stølsdrift
- ✓ fremje tiltak i kulturlandskapet som t.d. beiterydding, restaurering av verneverdige bygningar gradert etter verneverdi og å gjera gamle ferdselsårer og bufarvegar tilgjengeleg for alle
- ✓ fremje arbeidet med å ta vare på det biologiske mangfaldet
- ✓ støtte tiltak som betrar vasskvaliteten og tek vare på og etablerer nødvendige kantsoner langs vatn og vassdrag, jamfør vassforskrifta og Vassområdet Hallingdal

#### **4.7. Hol**

##### **Hovudmål:**

- ✓ ein sunn og miljøvenleg matproduksjon ut frå kommunen sine naturgevrne forutsetningar,
- ✓ arbeide for at landbruket i Hol bidreg til aktive bygder med stabil busetnad,

##### **Delmål: Landbruket som kulturskapar og -formidlar**

- ✓ ta vare på og vidareutvikle kulturlandskapet og opplevingsverdiar og slik skape eit levande og brukarvennleg kulturlandskap,
- ✓ oppretthalde stølslandskapet/-miljøet ved å stimulere til stølsdrift med mjølkeproduksjon og rydde vollar til gode beiter,
- ✓ legge til rette for auka lokal foredling på stølane,
- ✓ legge til rette for kombinasjon av stølsdrift og turisme,
- ✓ gjere gamle ferdselsårer og bufarsvegar tilgjengelege,
- ✓ fokusere på jordvern i utmarka for å ta vare på gode beiteområder, bl a ved å kartlegge vegetasjonen,

##### **Delmål: Miljø**

- ✓ ta vare på det biologiske mangfaldet i samsvar med naturmangfaldlova,



- ✓ registrere og utbetre forureiningskjelder på gardsbruk,
- ✓ ta estetiske omsyn og omsyn til miljø, t d bevare og skjøtte kantsoner og landskap, rydde gamle gjerderester,
- ✓ legge til rette for tiltak som reduserar ureining til vatn og luft.

## 5. Mål og prioriteringar - tiltak

### 5.1. Generelt

Med bakgrunn i pkt. 4 vert følgjande tiltak prioritert høgast (tilfeldig rekkjefølgje):

- ✓ tiltak som styrkar driftsgrunnlaget for aktive gardbrukarar
- ✓ tiltak som er viktige for landbruk/reiseliv
- ✓ tiltak som tek vare på kulturlandskap og miljø
- ✓ tiltak på jordbruksareal som fører til betring av kvaliteten på bekkar og vassdrag i nærområdet
- ✓ fellestiltak

### 5.2. Tiltak som kan støttast

Følgjande tiltak kan støttast, jf. §§ 4 og 5 i forskrifta.

#### 5.2.1. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Prosjekt som fører fram til planar for konkrete tiltak i kulturlandskap og tiltak mot forureining kan få inntil 100 % tilskot, jf. § 4 i forskrifta.

#### 5.2.2. Kulturlandskapstiltak (§ 5):

Følgjande tiltak kan støttast. Tiltaka må gå utover det ein kan forvente ved vanleg jordbruksdrift. I særlege tilfelle kan gå bort frå maksimalsatsen her, og i staden gje tilskot inntil maksimalsats i forskrifta:

1. Biologisk mangfald: Tiltak for å bevare og fremje biologisk mangfald i kulturlandskapet landskapet t.d. sette i stand utvalgte naturtypar, pollinatorvenlege tiltak, fjerne framande skadeleg artar i jordbrukets kulturlandskap. Tilskot inntil 70 %.
2. Gamal kulturmark: Tiltak for å halde gammal kulturmark i hevd. Tilskot inntil 50 %.
3. Tilgjenge og opplevingskvalitet: Tiltak som legg til rette for større tilgjenge til fots og oppleving for ålmenta av jordbrukslandskapet. For større tiltak må minimum 30 % av kostnadsoverslag finansierast frå andre kjelder utanom søkjar (delfinansiering). Tilskot inntil 50 %.
4. Kulturminne og kulturmiljø: Tiltak for bevaring og skjøtsel på og omkring kulturminne og kulturmiljø. For større tiltak må minimum 30 % av kostnads-overslag finansierast frå andre kjelder utanom søkjar (delfinansiering). Tilskot inntil 50 %.
5. Verneverdige bygningar: Tiltak for å setje i stand og vedlikehalde verneverdige bygningar i landbruket. Alle slags bygningar på gardstun og i inn- og utmark, frå våningshus og driftsbygningar til utløe og koier kvernhus. Bygningar som kan nyttast på ein føremålstenleg måte i landbruksdrifta eller annan næring vert prioritert. Tilskot vert gjeve til utvendige kostnader. Fagmynde på fylkesnivå skal gje uttale i slike saker. Tilskot inntil 50 %.
6. Andre tiltak: Andre tiltak som er viktige for kulturlandskapet, men som ikkje kjem inn under nokon av punkta ovanfor. Tilskot inntil 50 %.
7. Tiltak knyta til ferdsel i beiteområdene: Tiltak til reduksjon av ulemper knyta til ferdsel i beiteområdene kan støttes med tilskot inntil 50 %. (tilførd for Hol kommune)

### 5.2.3. Tiltak mot forureining:

Følgjande tiltak kan støttast. Tiltaka må gå utover det ein kan forvente ved vanleg jordbruksdrift. I særlege tilfelle kan gå bort frå maksimalsatsen her, og i staden gje tilskot inntil maksimalsats i forskrifta:

1. Høytørkeanlegg: Bygging av høytørke på bruk som produserer høy på erosjonsutsett areal samt bygging av høytørke som medverkar til å redusere annan forureining frå bruket, t.d. erstatning for silo. Tilskot inntil 20 %.
2. Hydrotekniske anlegg: Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg for å hindre erosjon på jordbruksareal og i vassløp, og redusere avrenning av næringssalt frå jordbruksareal. Terrengutforming for å betre kontrollen på overflatevatnet inngår her. Likeså graving av opne kanalar for å erstatte/gjenåpne lukka avløp for å redusere erosjon og auke vassløpet si sjølvreinsingsevne. Tilskot inntil 35 %.
3. Erosjonssikre elve- og bekkekanter: Omfattar bl. a steinsette utsette parti og flomdempende tiltak. Tilskot inntil 50 %.
4. Miljøplantinger: Etablering av varig klima- og levegetasjon som vern for jordbruksareal/bygningar, for å betre klimaet for planter og husdyr og for å stabilisere bekk- og elvekanter. Tilskot inntil 60 %.
5. Vegetasjonssoner: Etablering av vegetasjonssoner for å fange opp blant anna jord og næringsstoff langs vassdrag. Tilskot inntil 60 %.
6. Fangdammar og våtmarker: Etablering av fangdammar og våtmarker for å auke vassløpet si sjølvreinsingsevne. Tilskot inntil 60 %.
7. Omlegging av drift med åpen åker: Eingongstilskot til å legge om til varig planteproduksjon som gir betre vern mot erosjon. Dei mest aktuelle tiltaka er å legge til rette for beite med husdyr og høyproduksjon. Tilskot kan gå til å legge om og bygge høytørke. Tilskot inntil 70 %.
8. Utslepp til luft: Etablere dekke over eksisterande gjødsellager med ei løysing av varig karakter som er tilpassa det aktuelle lageret. Tilskot inntil 50 %.
9. Andre tiltak: Tiltak som er viktige for å redusere forureininga frå landbruket, men som ikkje kjem inn under nokon av punkta ovanfor. Det kan vere tiltak for å redusere eller hindre avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samlingsplassar for beitedyr, avrenning frå rundballar m.m. Tilskot inntil 50 %.

### 5.2.4. Informasjonsmidlar

Inntil 30 000 kr av samla SMIL-midlar for jordbruket i Hallingdal, 5 000 kr i kvar kommune kan nyttast av kommunane, Norsk Landbruksrådgjeving og faglaga til ymse informasjonstiltak i samband med ordninga. Informasjonstiltaka må vera retta mot næringa. Det må søkjast om slike midlar og vedtak kan gjerast administrativt.

### 5.2.5. Lokale retningslinjer for SMIL tiltak

I tillegg til tiltaksstrategien er det utarbeidd felles retningslinjer for forvaltninga av SMIL-tilskot. Dei detaljerar aktuelle tiltak som går inn under ordninga og eventuelle vilkår som ligg til dei enkelte tiltaka. Retningslinjene kan også legge føringar for generelle vilkår i sakshandsaminga av tilskotssaker. Etter at tiltaksstrategien er godkjent vil administrasjonen revidere retningslinjene opp mot det siste rundskrivet for ordninga og det elektroniske søknads- og saksbehandlingssystemet for SMIL i Agros. Desse retningslinjene er felles for heile Hallingdal.

## 6. Innvilging av tilskot

For Hallingdal vert det sett to søknadsfristar i året:  
For 2020 er søknadsfristane 15. april og 20. august  
Frå 2021 er søknadsfristane 1. mars og 20. august

Kommunen har frist til 1. september med å rapportere til fylkesmannen om forventa sum for innvilgingar, ubrukte midlar pr 1.09 og antatt udisponerte midlar ved årsslutt.

Mynde i kommunane ligg til:

<u>Kommune</u>	<u>Enkeltsaker</u>	<u>Aktivitetsbudsjett</u>	<u>Tiltaksstrategi</u>
Flå:	Jordbrukssjef	Jordbr.sjef og skogbr.sjef	Kommunestyre
Nesbyen:	SMIL-utval / jordbr.sj. *	jordbr.sjef/administrasjon	Teknisk hovudutval
Gol:	SMIL-utval	Jordbr.sjef/administrasjon	Utval natur og næring
Hemsedal:	SMIL-utval	Jordbr.sjef/administrasjon	Plan og ressurs
Ål:	SMIL-nemnd	Administrasjon v/utv.avd.	STNR
Hol:	Formannskap	Kommunestyret	Kommunestyret

Merknad: \*) SMIL-utvalet avgjer først på året prosentsetsen for dei ulike tiltaka. Jordbrukssjefen avgjer enkeltsøknadene.

I januar 2019 vart det innført eit elektroniske søknads- og saksbehandlingssystemet for SMIL midlar i Agros. Fylkesmannen i Oslo og Viken, (FMOV) fordeler kvart år nye SMIL midlar til kvar enkelt kommune gjennom dette systemet. FMOV har høve til å omfordele udisponerte midlar i løpet av året i Agros. Tiltaksstrategien som retningslinjer for SMIL vil vere eit grunnlag for fylkesmannen si fordeling av midlar til kommunane.

Retningslinjene for forvaltning av tilskot til tiltak i beiteområde bør sjåast i samanheng og koordinerast med tiltaksstrategien for Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), da det kan vere aktuelt med tiltak som kan falle inn under begge ordningane jf. rundskriv 2019-45.

## 7. Tilskotsbehov – aktivitetsbudsjett

Det vert ikkje sett opp eige aktivitetsbudsjett samla for Hallingdal. Kvar enkelt kommune gjer det ut frå eigne prioriteringar.

## 8. Vedlegg – statistikk

Tabell 2: Innvilga SMIL-søknader, kommunevis oversikt 2004–2007, 2008–2011  
2012–2015 og 2016–2019

Kommune	Tal tilsegn				Eingongstilskot*				Årlege tilskot		
	2004 - 2007	2008 - 2011	2012 – 2015	2016 – 2019	2004 - 2007	2008 - 2011	2012 – 2015	2016 – 2019	2004 - 2007	2012 – 2015	2016 – 2019
Flå	21	12	12	5	499 332	606 559	423 600	198 296	0	0	7 002
Nesbyen	50	48	73	32	1 773 183	2 112 838	2 870 618	1 949 950	0	0	0
Gol	57	38	31	31	1 595 193	1 804 156	1 513 330	1 159 182	5 600	8 778	15 358
Hemsedal	44	34	31	35	1 360 927	1 496 031	949 298	1 576 257	0	0	0
Ål	79	94	96	74	1 877 700	3 098 803	3 561 540	3 740 234	0	0	0
Hol	46	50	47	34	1 658 230	1 691 170	1 943 962	1 560 630	0	0	0
Sum Hallingdal	297	276	290	211	5 511 142	4 523 553	4 243 516	10 184 549	5 600	8 778	22 330

\*Gjeld også inndregne midlar innvilga på nytt

Tabell 3: Tal på innvilga SMIL-søknader til kommunane dei 16 siste åra fordelt på tema:

Tiltak	År	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå	Sum
<b>Tiltak 1</b>	2004	-	-	-	-	-	-	0
Planlegging av fellestiltak	2005	-	-	-	-	1	-	1
	2006	-	1	-	-	-	-	1
	2007	-	-	-	-	-	-	0
	2008	-	1	-	-	-	-	1
	2009	-	-	-	-	1	-	1
	2010	-	-	-	-	2	-	2
	2011	-	-	-	-	-	-	0
	2012	-	-	-	-	1	-	1
	2013	-	-	-	-	1	-	1
	2014	-	-	-	-	2	-	2
	2015	-	-	-	-	1	-	1
	2016	-	-	-	-	-	-	0
	2017	-	-	-	-	-	-	0
	2018	-	-	-	-	-	-	0

	2019	-	-	-	-	1	-	1
<b>Tiltak 2</b>	2004	-	-	-	-	-	2	2
Biologisk mangfold	2005	-	-	-	-	-	1	1
	2006	-	-	2	-	-	-	2
	2007	-	-	1	-	-	-	1
	2008	-	-	-	-	-	-	0
	2009	-	-	1	1	-	-	2
	2010	-	-	1	1	-	-	2
	2011	-	1	3	-	-	-	4
	2012	-	-	-	-	-	-	0
	2013	-	-	1	-	-	-	1
	2014	-	-	1	-	-	-	1
	2015	-	-	-	-	-	-	0
	2016	-	-	1	-	-	-	1
	2017	-	-	-	-	-	1	1
	2018	-	-	1	-	-	-	1
2019	-	2	1	-	-	-	3	
<b>Tiltak 3</b>	2004	4	11	6	2	2	-	25
Gamal kulturmark	2005	1	9	9	3	8	2	32
	2006	7	14	8	4	6	4	43
	2007	7	13	8	6	6	2	42
	2008	4	14	8	-	2	2	30
	2009	14	9	8	3	6	-	40
	2010	5	17	7	3	6	3	41
	2011	9	10	7	3	4	1	34
	2012	1	11	6	1	8	2	29
	2013	6	16	3	5	9	1	40
	2014	8	17	4	2	10	1	42
	2015	4	14	2	1	4	-	25
	2016	4	9	5	1	5	-	24
	2017	6	6	3	6	6	1	28
	2018	2	5	6	3	2	-	18
2019	5	24	6	1	2	2	40	
<b>Tiltak 4</b>	2004	1	1	-	2	-	1	5
Tilgjenge / opplevingskvalitet	2005	-	1	1	2	1	-	5
	2006	-	-	-	1	-	-	1
	2007	-	-	3	-	-	-	3
	2008	-	-	1	1	-	-	2
	2009	-	-	2	2	-	-	4

	2010	-	1	-	-	2	-	3
	2011	1	-	-	-	-	-	1
	2012	3	-	2	1	-	-	6
	2013	-	1	-	1	-	-	2
	2014	-	2	-	1	-	-	3
	2015	-	1	-	-	-	-	1
	2016	-	-	-	2	-	-	2
	2017	-	-	-	-	-	-	0
	2018	-	-	-	1	-	-	1
	2019	-	-	-	1	1	-	2
<b>Tiltak 5</b>	2004	-	-	1	2	2	-	5
Kulturminne/ - miljø	2005	-	-	2	-	1	-	3
	2006	1	-	-	2	-	-	3
	2007	-	-	3	-	-	-	3
	2008	-	-	-	-	-	-	0
	2009	-	-	-	-	-	-	0
	2010	-	1	-	-	-	-	1
	2011	1	-	-	-	-	-	1
	2012	1	-	-	-	-	-	1
	2013	2	-	-	-	-	-	2
	2014	-	-	-	-	-	-	0
	2015	-	-	-	-	1	-	1
	2016	-	-	-	-	-	-	0
	2017	-	-	-	-	-	-	0
2018	-	-	-	-	-	-	0	
2019	-	1	-	-	-	-	1	
<b>Tiltak 6</b>	2004	4	7	2	3	4	2	22
Freda og verneverdige bygningar	2005	9	7	2	4	3	2	27
	2006	3	7	2	7	5	1	25
	2007	5	7	3	6	2	1	24
	2008	5	8	2	7	2	1	25
	2009	3	15	4	4	6	1	33
	2010	10	16	4	3	10	1	44
	2011	9	10	3	6	9	1	38
	2012	7	10	1	3	5	-	26
	2013	5	9	5	3	4	3	29
	2014	7	11	3	2	7	1	31
	2015	9	5	3	4	15	3	39
2016	5	8	-	4	2	-	19	

	2017	2	3	1	6	5	-	17
	2018	4	8	2	3	3	-	20
	2019	3	3	3	7	1	1	18
<b>Tiltak 7</b>	2004 -07	1	-	-	-	1	1	3
Tiltak mot forureining	2008	0	1	-	-	-	1 *	2
	2009	-	-	-	-	-	-	0
	2010	-	-	-	-	-	1 *	1
	2011	-	-	-	-	-	-	0
	2012	-	-	-	-	-	1	1
	2013	-	-	-	-	-	-	0
	2014	1	1	-	1	-	-	3
	2015	-	1	-	1	1	-	3
	2016	-	1**	-	1	-	-	2
	2017	-	-	-	-	-	-	0
	2018	-	-	-	-	-	-	0
2019	1	-	2	-	-	-	3	
<b>Tiltak 8</b>	2004 –2007	1	1	-	-	-	-	2
Informasjons tiltak	2008 – 2011	1	-	-	-	-	-	1
	2012 – 2015	-	-	-	-	-	-	0
	2016 – 2019	-	-	-	-	-	-	0
<b>Sum</b>		192	352	166	140	189	48	1 087

\*) Miljøretta omlegging

\*\*\*) Vasskvalitet

*Kjelde: Landbruksforvaltninga i kommunane*



Tabell 4: Godkjent kostnad og innvilga tilskot til SMIL fordelt på tiltak, år og kommune:

Tiltak 1	År	Hol		Ål		Gol		Hemsedal		Nesbyen		Flå	
		Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot	kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot
Planlegging av fellestiltak	2004				2 000								
	2005									22 000	7 700		
	2006		1 600										
	2007												
	2008			75 030	37 500								
	2009									96 000	67 200		
	2010												
	2011												
	2012										33 000		
	2013										111 500		
	2014										179 200		
	2015										115 300		
	2016												
	2017												
	2018												
2019										217 447	87 022		
<b>Tiltak 2</b>	2004											28 300	12 735
Biologisk mangfald	2005											15 800	7 110
	2006					32 645	14 700						
	2007												
	2008												
	2009					30 000	21 000	35 000	17 500				
	2010			60 000	30 000	70 690	49 500	50 000	25 000				

	2011			41 120	24 670	188 300	123 580						
	2012												
	2013					37 500	26 250						
	2014					25 200	17 640						
	2015												
	2016					47 000	32 900						
	2017										47 500	33 250	
	2018					37 500	26 250						
	2019			311 194	155 597	31 400	21 980						
<b>Tiltak 3</b>	2004	395 160	197 600	676 904	284 300	519 880	185 255	109 200	54 600	108 300	43 225		
Gamal kulturmark	2005	63 700	31 900	604 666	272 100	515 692	210 460	222 625	66 588	703 183	239 113	121 417	42 496
	2006	489 050	244 525	906 250	362 500	484 735	193 910	195 344	59 503	327 300	114 255	212 250	66 206
	2007	675 421	300 400	444 795	177 900	318 075	126 540	480 515	144 102	303 107	98 678	355 000	110 738
	2008	195 627	97 700	1 223 855	490 325	600 640	238 850				85 000	210 750	73 762
	2009	834 650	423 100	534 112	214 400	850 503	323 446	294 060	101 736	631 000	251 563		
	2010	226 200	113 100	692 057	276 823	1 004 325	300 600	256 200	76 860	438 911	175 560	188 900	76 547
	2011	613 340	306 550	589 839	231 880	614 285	245 712	257 890	87 856	196 500	78 600	80 000	26 400
	2012	41 900	21 000	879 500	351 800	713 160	285 264	122 975	49 200	632 025	246 340	352 744	123 000
	2013	461 175	230 500	1 082 750	447 680	131 000	52 400	322 600	126 971	1 132 025	452 810	135 820	45 600
	2014	452 800	226 500	1 030 735	387 100	257 083	102 836	179 027	53 708	901 935	420 943	26 000	10 000
	2015			1 410 225	465 650	627 500	224 220	50 000	20 000	450 000	180 000		
	2016	387 300	193 600	846 655	295 351	306 950	122 780	65 048	26 019	900 100	360 040		
2017	414 710	207 300	1 119 302	436 641	410 700	164 280	728 392	170 130	590 000	235 893	10 005	7 002	
2018	180 900	90 450	1 111 550	434 639	803 000	312 200	190 800	79 000	636 250	254 500			
2019	531 900	265 950	3 419 638	1 367 730	552 230	220 092	118 500	59 250	882 056	352 822	400 823	100 046	
<b>Tiltak 4</b>	2004	95 800	47 900	56 000	28 000			31 413	15 707			117 500	41 125

Tilgjenge / opplevingskvalitet	2005			60 000	30 000	159 000	47 700	95 788	18 500	5 000	1 750		
	2006							6 000	1 800				
	2007					302 150	83 860						
	2008					134 450	67 225	103 100	41 240				
	2009					170 300	85 150	281 710	93 855				
	2010	36 000	18 000	12 000	4 800					84 200	59 100		
	2011	39 000	19 145	101 990	40 000								
	2012	341 250	170 600			158 760	73 120	26 750	8 025				
	2013			512 000	128 000			6 000	3 000				
	2014			35 500	14 200			36 353	10 906				
	2015			75 000	18 700								
	2016							44 920	19 578				
	2017												
	2018							30 950	7 600				
	2019							180 000	54 000				
<b>Tiltak 5</b>	2004					65 915	26 366	79 696	39 848	460 838	161 293		
Kulturminne/ miljø	2005					69 570	22 520			88 125	30 844		
	2006	39 800	19 900					258 700	77 610				
	2007					348 909	124 020						
	2008												
	2009												
	2010			50 000	20 000								
	2011	54 000	25 000										
	2012		0										
	2013	175 000	68 000										
2014													

	2015									112 200	39 200		
	2016												
	2017												
	2018												
	2019			33 750	16 875								
<b>Tiltak 6</b>	2004	476 840	86 900	860 000	215 000	631 520	159 328	283 919	113 568	511 681	179 088	192 000	67 200
Freda og verneverdige bygninger	2005	672 130	202 620	1 105 200	276 300	254 787	99 320	711 184	215 323	487 850	170 747	200 750	70 263
	2006	612 400	183 710	931 333	279 400	575 640	201 470	1 242 947	259 268	930 920	326 871	50 600	20 240
	2007	551 728	165 400	1 293 921	428 614	574 150	148 630	1 106 284	294 510	512 000	179 202	120 000	42 000
	2008	688 530	205 800	652 284	192 403	318 755	107 085	1 162 409	353 856		114 825	340 000	119 000
	2009	290 975	78 500	3 102 974	498 300	666 790	189 480	626 566	212 950	1 304 500	357 990	131 000	45 850
	2010	1 095 310	328 570	2 188 178	526 367	1 487 414	421 820	527 422	164 021	1 196 088	444 200	365 000	110 000
	2011	393 038	117 850	2 457 384	482 703	327 066	114 473	965 289	321 157	1 560 000	546 000	270 000	100 000
	2012	919 330	275 800	3 816 240	657 380	475 800	166 530	678 222	203 477	1 167 941	241 126		
	2013	529 450	158 800	2 171 600	371 105	811 383	283 985	359 856	68 849	268 857	94 100	915 000	148 672
	2014	634 450	186 575	3 012 227	557 550	1 586 750	324 975	342 560	102 758	1 017 940	356 279	105 000	42 000
	2015	1 425 000	427 487	963 445	155 825			356 390	149 312	1 739 370	338 800	720 000	142 046
	2016	658 700	197 500	45 960 435	12 789 771			383 264	167 066	368 900	92 200		
	2017	371 500	111 400	45 960 435	12 789 771	232 500	81 375	706 868	301 777	1 937 000	298 400		
2018	925 375	269 600	45 960 435	12 789 771	240 900	43 015	340 765	128 506	418 940	89 598			
2019	691 100	207 330	45 960 435	12 789 771	1 079 375	329 945	1 749 077	498 981	237 000	105 228	327 000	65 000	
<b>Tiltak 7</b>	2004- 2008	340 000	68 000				257 000			58 000	23 200	25 000	8 750
Tiltak mot forureining	2008												20 000
	2009												
	2010			72 739	28 732								40 000
	2011												
	2012											152 000	45 600

	2013												
	2014	320 000	64 000	81 600	20 400			455 000	182 000				
	2015			77 941	14 029			70 800	28 320	89 000	62 020		
	2016			68 500	13 700			214 500	64 350				
	2017												
	2018												
	2019	50 000	17 500			194 300	42 290						
<b>Tiltak 8</b>	2004 -2007		1 600		2 000								
Informasjons tiltak	2008 -2011		2 000										
	2012-2015												
	2016-2019												
<b>Sum:</b>		18 390 539	6 677 262	45 960 435	12 789 771	20 076 177	7 143 327	17 142 878	5 439 741	23 724 489	8 502 325	6 216 159	1 862 638

*Kjelde: Landbruksforvaltninga i kommunane*

